

MØTEBOK

FELLESRÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
25.11.2020

Tilstades på møtet

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim, Gerd Marie Solheim, Inger Synnevåg, Edvard Bjerkestrand, Kine Lerøy, Svein Thomas Villanger, Rune Minde.

Varamedlemer:

Andre:

Kommunal representant : Hege Ramsland.

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Torill Hordvik.

Møtte ikkje: Arne Lerøy.

Saker til førehaving:

F -26/20 – F - 33/20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 26/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

F – 27/20 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK

Vedtak:

Svein Thomas Villanger og Kine Lerøy.

F – 28/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 28.10.2020

Vedtak:

Møteboka frå 28.10.20 vart godkeijnt utan merkander.

F – 29/20 ORIENTERINGAR

- Framtida til kyrkjelydshuset.
*Sagt i møtet: Det vart orientert om eit eige møte av medlemmar i soknerådet for å sjekka ut om det er mogeleg å finna alternativ til overtaking av kyrkjelydshuset. Ein har lagt inn ein kommentar i høyringa til budsjettet der ein ber om at kommunen utset salet av kyrkjelydshuset til dette er utgreidd. (Kommunen har gitt ei førebels tilbakemelding om at kontorflyttinga vert utsett til februar på grunn av denne uttalen). Gruppa i soknerådet har lagt opp til eit ope møte i januar 21 for å tromma saman mogelege interessentar for å overta kyrkjelydshuset.
Soknerådet ønskjer at det vert oppretta ein gåvekonto til nytt forsamlingshus. Dette skal vera ein ny og bunden konto. Kyrkjeverja opprettar ein slik konto.*
- Rekneskapen 2019 ferdig revidert og godkjent.
- *Det vart orientert om møte mellom kyrkjeverja og kommunalsjefen, vedkommande ny tenesteytingsavtale og justering av ulike avgifter. Kommunen ønskjer framlegg frå soknerådet snarast slik at avgiftsendingane kan bli vedtatt i januarmøtet i kommunestyret. Soknerådet ønskjer ikkje ei hastebehandling av ei slik sak, men at den vert behandla på vanleg måte i soknerådet sitt ordinære møte i slutten på januar 21.*

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd vedtek oppstart av prosedyrar for nedbemanning og opphøyr av reinhaldaroppgåver på kyrkjelydshuset. Soknerådet gir Inger Synnevåg og kyrkjevevja fullmakt til å gjennomføra dei lovpålagte nedbemanningsprosessane. Etter at desse er gjennomført kjem saka opp på nytt i soknerådet (fellesrådet) til endeleg vedtak.

Vedtak:

Austrheim sokneråd vedtek oppstart av prosedyrar for nedbemanning og opphøyr av reinhaldaroppgåver på kyrkjelydshuset. Soknerådet gir Inger Synnevåg og kyrkjevevja fullmakt til å førebu dei lovpålagte nedbemanningsprosessane. Etter at desse er førebudd kjem saka opp på nytt i soknerådet (fellesrådet) til endeleg vedtak.

Bakgrunn:

Kyrkjekontoret skal flytta inn i kommunehuset, i utgangspunktet frå og med 1.januar 2021. Uavhengig av kva som skjer med kyrkjelydshuset etter denne datoen, vil reinhaldarstillinga bli overflødig. Denne utgjer 12,2 % stilling. Enten huset vert selt eller vert overtatt av andre, vil reinhaldarstillinga gå ut.

Kyrkjevevja har i denne saka tett dialog med KA, for å kunna gjennomføra desse prosessane slik dei skal etter lov og avtaleverk. Administrasjonsutvalet – som til vanleg har delegert ansvar for tilsetjingar – kan ikkje fatta vedtak om nedbemanning. Den tillitsvalde, som er fast medlem av dette utvalet, kan ikkje påleggjast eit ansvar for eit nedbemanningsvedtak. Difor må eit slikt vedtak behandlast av soknerådet (fellesrådet).

Det som er gjort så langt og som det er laga referat på, er at kyrkjevevja har hatt ein samtale med reinhaldar og orientert om at det vert starta ein nedbemanningsprosess. Vidare har kyrkjevevja hatt eit møte med dei tillitsvalde for å orientera om prosessen. Med på møtet var tillitsvalde frå presteforeininga, Creo og fagforbundet. Dette møtet var eit informasjonsmøte og ikkje eit formelt drøftingsmøte.

Proessen vidare er at kyrkjevevja og den soknerådet peikar ut, driv denne prosessen vidare.

I ein nedbemanningsprosess må ein sjå på spørsmål som ansiennitet og eventuell fortrinnsrett for oppgåver i organisasjonen av tilsvarende karakter. I denne saka har reinhaldar lengst ansiennitet av alle og vil ha fortrinnsrett til liknande oppgåver i soknet. Det betyr i praksis at vedkommande vil ha rett til å overta tilsvarende stillingsprosent frå ein av dei andre tilsette. Altså ei omrokering i stillingskabal, som igjen vil gå ut over ein av dei andre tilsette i staben. Grunna den tilsette sin alder og ansiennitet vil oppseiinga bli effektuert 6 månader frå vedtaket er gjort.

Reint konkret skal ein her gjera følgjande:

- Laga ei oversikt på oppgåver som ligg til reinhaldarstillinga
- Sjå på høvet for å gjera tilsvarende oppgåver i heile organisasjonen (kalla utvelgingskrets)

- Bestemma kva for utvelgingskriteriar som skal leggjast til grunn; dvs type oppgåver, ansiennitet, om ein er eigna for oppgåva og sosiale forhold.
- Ut frå dette koma med konkret framlegg til eventuelle omrokeringar i organisasjonen.
- Ha eit formelt drøftingsmøte med dei tillitsvalde etter ein oppsett mal.

Etter at alt dette er gjort er ein klar til å gjera eit endeleg vedtak i soknerådet (fellesrådet) om nedbemanning.

F – 31/20 BUDSJETT 2021

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner framlegg til budsjett for 2021, slik det ligg føre.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner framlegg til budsjett for 2021, slik det ligg føre.

Bakgrunn:

Budsjettprosessen denne hausten har vore utfordrande. Kyrkjeverja fekk skore ned 500 000 for budsjetttramma for 2020 rett før jul i 2019, etter at budsjetttildelinga først var gjort administrativt. Dette var eit uventa nedtrekk som kom utan forvarsel. På møte med administrasjonen rett etter ferien, fekk kyrkjeverja presentert eit varsel om at administrasjonen ønskte å trekkja soknet for ytterlegare ein halv million kroner. Vi vart av forståelege grunnar ikkje samde om rammetildelinga. Administrasjonen presenterte sitt framlegg for formannskapet med eit nedtrekk på 325 000 for budsjettåret 2021, altså tilsaman 825 000 kroner ned i forhold til rammetildelinga for 2019.

Soknerådet påla kyrkjeverja på sitt møte i september å senda eit brev til alle politikarane i kommunen, der desse tinga vart påpeika, samt gje dei ein informasjon om kva for oppgåver kyrkjekontoret utfører. Dette brevet vart snappa opp av lokalpressa, som laga ei sak på det.

Saka har no enda med at soknet i siste formannskapsmøte vedtok einstemmig at nedtrekket i drifta for 2021, med 325 000 kroner, skal tilbakeførast til soknet. Dermed får vi same ramme som for 2020, dvs 2.875.000 kroner og vi må «berre» forhalda oss til 500 000 kroner mindre enn det vi fekk i 2019.

Kyrkjeverja meiner det er mogeleg å tilpassa seg ei slik ramme. Kontorflytting og sjølvfinansiering av trusopplærarstillinga, samt justering av diverse avgifter, vil kunna realisera dette. Effekten av kontorflyttinga vil likvel ikkje gje fullt utslag før i 2022.

Det er lagt inn 200 000 kroner for soknet i investeringsmidlar.

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner følgjande bruk av investeringsmidlar for perioden 2021 – 2024:

2021: Beplantningsplan og utplanting på gravplassane

2022: Reperasjon av gråsteinsmur Kolerakyrkjegarden. Fjerning av trerøter på areal på Austrheim gravplass som skal gjenbrukast til nye kistegraver.

2023: Ny varmeløysing i kyrkja.

2024: Ny rider på gravplassane.

Vedtak:

Austrheim sokneråd godkjenner følgjande bruk av investeringsmidlar for perioden 2021 – 2024:

2021: Beplantningsplan og utplanting på gravplassane

2022: Reperasjon av gråsteinsmur Kolerakyrkjegarden. Fjerning av trerøter på areal på Austrheim gravplass som skal gjenbrukast til nye kistegraver.

2023: Ny varmeløysing i kyrkja.

2024: Ny rider på gravplassane.

Bakgrunn:

Soknet får ei årleg tildeling på 200 000 kroner i investeringsmidlar. For 2019 og 2020 fekk soknet tildelt kr 700 000 kvart av desse åra. Dette hadde samanheng med det ekstraordinære utbetningsarbeidet i kyrkja. Det har tidlegare vore vanleg at soknet får tildelt investeringsmidlar med 200 000 kroner i året, utan at ein har laga ein plan på bruken av desse midlane. Ei bevisstgjerung på bruken av desse midlane er etter kyrkjeverja si oppfatning ein fordel til for alle partar.

Litt om kvart punkt som er foreslått lagt inn i denne planen:

- Beplantingsplan og tilplantning av gravplassane: Alle lønnetrea vart fjerna frå begge gravplassane i 2017. Dei vart fjerna på grunn av skade og fordi dei dermed framstod som ein risiko for folk og eksisterande gravminner. Vi har behov for å utført ny tilplantning etter ein plan utført av profesjonelle folk. Kyrkjeverja kunne tenkt seg å bruka Akasia sine trepleiarar til dette formålet.
- Reperasjon av gråsteinsmuren på Koleragravplassen. Eit lite felt av denne muren har glidd ut. Sidan denne kyrkjegarden er eit verneverdig kulturminne, bør utbetringa utførast av folk med kompetanse på tørrmuring. Vidare er det ønskjeleg å klargjera det arealet på Austrheim gravplass, som skal gjenbrukast til nye kistegraver. På dette arealet bør trerøtene, etter ei lønnetrerekke som stod der frå gammalt av, fjernast maskinelt.
- Alternativ oppvarming av kyrkja. Eswanlegget med elektrisk golvvarme overlevde utbetningsarbeidet. Det rauk med eit par element, men anlegget fungerer framleis tilfredsstillande.
- Anlegget er likevel på overtid av normal levetid og det bør vurderast alternativ form for oppvarming. Mest aktuelt vil då vera luft til luft varmpumper. Det vil gå med ein del tid for å få på plass dei naudsynte godkjenningane av eit slik anlegg.

- Ny rider til gravplassane. På gravplassane vert det brukt to riderar som er i kontinuerleg bruk i sesongen. Det vart kjøpt ny for eit par år sidan. Den eldste av dei to vil vera moden for utskifting om nokre få år.

F – 33/20 LØNSTILBOD KYRKJEVERJE (ikkje offentleg sak)

Vedtak:

Løn til kyrkjeverje Leif Arne Økland vert auka med kr frå til Etterbetalt frå 1.mai 2020.

(Sakshandsamar fellesrådsleiar Helge Dyrkolbotn):

Kyrkjeverje har i dag ei årsløn på kr

Dette er lågare enn t.d. leiarstillingar i kommunal sektor. Der har auken lege på ca 2 – 6000 kroner i Austrheim i 2020. Lønstillega har vore lave mellom anna ut frå situasjonen landet står i med Covid- 19.

Kanskje vanskeleg å samanlikne heilt, men ut frå arbeidsmengda som litt til kyrkjekontoret i dag ser eg det som ynskjeleg at vi aukar Leif Arne Økland si årlege løn med kr

Dette vert etterbetalt frå 1.mai 2020.

MØTEBOK

SOKNERÅDSSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
25.11.2020

Tilstades på møtet

Medlemer: Helge Dyrkolbotn, Bjørn Helge Olsen, Anne Dahle Austrheim, Gerd Marie Solheim, Inger Synnevåg, Edvard Bjerkestrand, Kine Lerøy, Svein Thomas Villanger, Rune Minde.

Varamedlemer:

Andre:

Kyrkjeverja: Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Torill Hordvik.

Desse møtte ikkje: Arne Lerøy.

Saker til førehaving:

Soknerådssaker: S- 26/20 – S 31 /20

Til møtet var medlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S – 26/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader.

S – 27/20 GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 28.10.2020

Framlegg til vedtak:

Møteboka frå 28.10.2020 vart godkjent utan merknader.

Vedtak:

Møteboka frå 28.10.2020 vart godkjent utan merknader.

S – 28/20 ORIENTERING

Gjennomføring av lysmesser og gudstenestene i desember.

S – 29/20 VAL AV LEIAR FOR 1 ÅR

Vedtak:

Helge Dyrkolbotn vart velt for 1 år

Bakgrunn:

Helge Dyrkolbotn har takka ja til eit eventuelt gjenval.

S -30/20 VAL AV NESTLEIAR FOR 1 ÅR

Vedtak:

Anne Dahle Austrheim vart velt for 1 år.

Bakgrunn:

Anne Dahle Austrheim har takka ja til eit eventuelt gjenval.

S – 31/20 MØTEPLAN FØRSTE HALVÅR

Framlegg til vedtak:

Soknerådet:

- *Onsdag 27.januar*
- *Onsdag 11.mars*
- *Onsdag 21.april*
- *Onsdag 2.juni*

AU:

- *Torsdag 14.januar*
- *Torsdag 25.februar*
- *Torsdag 8.april*
- *Torsdag 20.mai*

Vedtak:

Soknerådet:

- Onsdag 27.januar
- Onsdag 11.mars
- Onsdag 21.april
- Onsdag 2.juni

AU:

- Torsdag 14.januar
- Torsdag 25.februar
- Torsdag 8.april
- Torsdag 20.mai